


SOGN OG FJORDANE TEATER PRESENTERER:

TO SKILTE MENN

AV MARIA LUNDBERG



FREDRIK STEEN

ROGER HILLEREN

SoFt

Sogn og Fjordane Teater

KJÆRE PUBLIKUM KJÆRE PUBLIKUM

2008 er det store mangfoldsåret. Det er òg året for verdas første stortingsmelding om menns levekår. Det ferske Mannsutvalet skal snart levere innstillinga si, og vi kan kanskje kalle 2008 for det store mannfolkåret. Har vi behov for eit mannspanel? Er ikkje det ei fornærming mot kvinnene? 98 % av krisesentra er fylt av kvinner og born, og talet på dei som søker til krisesentra har auka med heile 60 % dei to siste åra. Utøving av vald er eit mannfenomen.

Nettopp difor treng vi eit mannsutval og ei teaterforestilling som ser nærmare på mannsrolla. Det er ikkje nok å stigmatisere mannen som fråverande og valdeleg. Kva er det som skjer når parforholdet ryk og mannen må starte på nytt i ukjende omgjevnader? Ein klisjé fortel at kvinnene etablerer seg lett på nytt. Dei har eit sterkt nettverk av venninner og familie i ryggen. Menn derimot har berre tenkt på seg sjølv og karrieren, og må difor starte på nytt åleine.

Det er nedslåande å høyre at skilte menn har særeigne helselidingar. Eit ferskt og ikkje minst kontroversielt for-



slag frå Mannsutvalet er å gi småbarnsfedre redusert arbeidstid. Grunngevinga er at fedre med små born er spesielt utsette for tidsklemma i ein livsfase der dei burde vere meir heime og ta vare på seg sjølv, borna og familien.

Nyttårsforsetta til leiaren i Mannsutvalet, Arild Stokkan-Grande, er i følge VG å bli flinkare til å snakke om kjensler, å ta initiativ til golvvask, skjortestryking og matinnkjøp, å bruke meir tid åleine med borna, å arbeide mindre og å snakke med kompisar om likestilling, vald, barnefordeling og mannsrolla.

Snakke med kompisar, seier han, gjer ikkje menn det heile tida? På puben over ei øl. På golfbana. På fotballtreninga. Menn er saman, men det er ikkje dermed sagt at dei snakkar saman. Kanskje det er det som skal til. Meir venskap. Mindre fotball. Meir prat om kjensler.

Ha ein fin kveld i teatret!

Terje Lyngstad
teatersjef



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket



TO SKILTE MENN

av Maria Lundberg

etter ein idè av Roger Hilleren og Fredrik Steen

Bearbeiding og regi

Torfinn Nag

Scenografi

Jennie Hagevik Bringaker

Skodespelarar

Roger Hilleren

Fredrik Steen

Dramaturg


Bodil Kvamme

Produksjonsleiar

Kenneth Røsandhaug


Inspisient/rekvisitør/lyd

Jan Tjønneland



Vi gjer merksam på at alle mo
ikkje lov å gjere lydopptak, fil

Urpremière i Teatersalen, Førde
Speletid 1 time 15 minutt. Utan



Sufflør

Reidun Støfring

Lys

Atle Øydvinn

Syar

Anna Wingård

Snikkar/rekvisitør

Kjell Furevik

Sveisar

Odd Magne Herland

Teknikarar

Kjell Furevik

Jan Tjønneland

biltelefonar må vere slått heilt av. Det er
me eller fotografere under framsyninga.

ehuset, fredag 15. februar kl 1930.
pause.

TORSKEKVOTEN KAN FORSVINNE

Eg er dessverre ikkje skilt. Det hadde kanskje vore ein fordel i arbeidet med dette stykket. Men då eg førebudde meg til prøveperioden, fann eg ut at det var litt vel drastisk å skilje seg, for å setje seg inn i eit tema. Men sjølv om eg er godt gift, har eg lært mykje om samliv i denne perioden. Eg tror derfor du vil ha glede av forestillinga, sjølv om du ikkje er skilt.

Mykje er sagt om skilsmisar: Skilsmissen er like gamal som ekteskapet. Det vil seie, ekteskapet er vel nokre veker eldre. Stadig fleire skilsmisser aukar talet hushaldningar med få medlemmer – som bruker meir plass, energi og vatn enn hushaldningar med ektepar. Det er betre å vere «miljø – gift», konkluderer ei amerikansk undersøking. Så før du dumpar kjerringa, eller sparkar ut gubben, send ein tanke til miljøet.

Om ein fiskar kjøper seg båt og kvotar medan han er gift, kan det gå gale. Ser ein på dagens skilsmissestatistikk, er faren for at torsk kvoten kan ende i retten som ein del av eit skilsmisseoppgjer ganske realistisk. Torsk kvoten kan altså forsvinne saman med kona, skriv Fiskeribladet.

Men det finst håp: Monty Python gav for ein del år sidan ut ein cd som kunne delast i tilfelle skilsmisse. Dette programmet kan ikkje delast, men om de er usikre, kan



de jo skaffe dykk to program. Så slepp de å krangle om det i alle fall.

Roger og Fredrik ville gjere noko saman. Begge var nyskilte, så det blei temaet. Dei kom opp med masse idear, og Maria har skrivne manus basert på desse. Prøveperioden har vore spennande og intens, med både latter og gråt. Roger og Fredrik har vore modige og opna seg med sine vanskelege erfaringar. Vi har dikta vidare på dette og leika fram nye tekstar og sceniske løysingar.

Vi har budd saman i gamle prestegarden, og gutane har vore så ivrige, at vi har jobba saman om kveldane òg. Eg har lært mykje om samliv og venskap av dei, og håpar at dei òg har lært noko i denne prosessen. Med utgangspunkt i verkelegheita, håpar eg vi har greidd å dikte ei personleg, men ikkje privat historie. Smerta og alvorret ligg i temaet, men vi har òg gitt plass til humoren.

Så uansett om du er singel, partner eller skilt, håpar eg du får ei spesiell teateroppleving, at du kjenner deg att, og at du blir berørt.

Torfinn Nag

bearbeiding og regi





*Sparebanken
sogn og fjordane*



SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

AKTIV MEDSPELAR

Sparebanken Sogn og Fjordane tek mål av seg til å vere meir enn bank. Vi ønskjer å bidra til at du får eit godt tilbod innan både idrett og kultur, der du bur.

Vi er stolte av å vere ein aktiv medspelar og langsiktig støttespelar for Sogn og Fjordane Teater, og ønskjer til lukke med oppsettinga!

www.ssf.no





VENSKAPENS FORTRULEGE ROM

I 2006 var det totalt 10 598 skilsmisser i Norge. 5 299 menn fekk status som skilte. Kven er desse mennene? Kva tenker og føler dei når skilsmissen er eit faktum? Kva drøyer dei om? Kva lengtar dei etter? Kven snakkar dei med om den nye livssituasjonen sin?

Tala fortel at tilveret er langt mindre uthaldeleg for skilte menn enn for skilte kvinner. Skilte menn toppar lister det ikke er spesielt ønskeleg å toppe. Dei er hyppigare, meir og lengre deprimerte enn skilte kvinner, og oftare og lengre sjuke og sjukmelde etter skilsmissa.

Fleire menn enn kvinner misser fotfestet i arbeidslivet og endar opp som uføretrygda etter skilsmissa. Kort sagt: det er lite lukrativt å vere skilt mann i dagens Norge.

Kvifor er det slik? Kva er det som gjer at livet etter skilsmissa så mykje oftare blir ei mykje større tristesse for mannen, enn for kvinna? Kvifor er statistikken så dyster på skilte menns vegne? Kva er det som gjer utslaget?

«To skilte menn» har blitt til ut frå tanken om at vennskapens fortrulege rom og evna til å dele livserfaringar,


kanskje er ei kjelde til styrke og eiga erkjenning når sam-
livsbrotet rammar. Det blir hevda at kvinner ofte har eit
sterkare relasjonsfokus enn menn. Kan det vere at kvinn-
ene klarar seg betre etter skilsmissa, fordi dei er gode til
å pleie nære venskap og spele på desse? I så fall betyr det
kanskje at mannens beste veg ut av skilsmisseuførets
statistiske mørketal, ligg i opplevinga av og evnen til for-
trulege venskap.

Historiene og opplevingane du møter i «To skilte menn»
er diktning inspirert av skilte menns verkelege liv og er-
faringer. Manus har blitt til på bakgrunn av nær dialog
med skodespelarane og med andre menn, og innblikk i
deira biografiske forteljingar.

Maria Lundberg

dramatikar





TEATER

20% rabatt på
enkelt-billetter
ved Sogn og
Fjordane Teater*

*Gjeld alle framsyningar i Sogn og Fjordane,
ved framvising av gyldig Firda-kort.

Terje Lyngstad,
teatersjef
Sogn og
Fjordane Teater

FIRDA

Ønskjer du å abonnere på Firda?
Ta kontakt på telefon 57 83 33 00,
e-post: abonnement@firda.no
eller send sms ABO til 2097
dersom du ønskjer å abonnere.



VENSKAP MENN IMELLOM

I «To skilte menn» møter vi kompisane Fredrik og Roger. Dei er begge skilt og lever åleine etter at konene reiste frå dei. Dei har mist den daglege omsorga for borna. Og huset dei budde i, har konene overteke.


Mange skilte menn vil kjenne seg att i situasjonen til Roger og Fredrik. For det er som oftast kvinnene som går ut av ekteskapet, viser statistikken. Tilbake står mannen som ikkje forstår kvifor ho gjekk. «Kona ville skilles fordi jeg hadde sølt en sennepsfleck på skjorta», seier Fredrik i stykket. Han forstår ikkje at ein sånn filleting kunne få kona til å reise frå han. Fredrik illustrerer kor viktig det er at ektefeller snakkar saman om korleis dei har det, om kva behov dei har og korleis dei kan få eit betre samliv. Han viser også at ein i ekteskapet må vere lydhøyr for kvarandre sine signal.

Skilsmisene kastar Fredrik og Roger ut i livskriser. Ikkje alle menn taklar slike kriser like godt, viser forskning. Enkelte menn søker trøst i flaska. Andre blir deprimerte og må sjukmelde seg. Nokre få ender med å ta livet sitt.

Heldigvis kjem dei fleste menn seg gjennom samlivsbrot, men dei gjer det på ulike måtar. Rogers oppskrift er å fortrengje kjensler. Fredrik derimot vil gjerne prate om korleis han har det. Gjennom øving blir dei to kameratane flinkare til å kommunisere. Dei utfordrar og støttar kvarandre gjennom krisene. Og venskapet dei imellom blir så djupt, at dei ender opp med å småkrangle som eit gammalt ektepar.

Skodespelet «To skilte menn» viser tydeleg at menn òg kan dyrke nære venskap. At menn kan gi kvarandre støtte og omsorg. Og at menn kan snakke om kjensler, og likevel vere ekte mannfolk.

Arild Stokkan – Grande
leiar av mannspanelet



SAGT OM SKILSMISSE

«Det var i den aller beste meining, sa herren, han stakk av frå kona fordi ho ikkje såg lykkeleg ut saman med han»

Charles Dickens

«Ekteskapet er en skilsmissegrunn»

Thor Eggen

«Den lykkelegaste tida i livet til eit menneske er etter den første skilsmissa»

John Kenneth Galbraith

«I vår familie skil vi oss ikkje frå mennene våre – vi gravlegg dei»

Ruth Gordon

«Å skilles – skilles fra deg! Nei, nei, Nora, jeg kan ikke fatte den tanke»

Henrik Ibsen

«Du lærer aldri ei kvinne å kjenne før du har møtt henne i retten»

Norman Mailer

«Hva betyr vel 30 års mislykket ekteskap i et langt liv»

Nils – Fredrik Nielsen

Kjelde: www.ordtak.no




SPELEPLAN

Fredag 15. februar	kl 1930	Urpremière!	Førdehuset, Teatersalen
Laurdag 16. februar	kl 1800	Førdehuset,	Teatersalen
Laurdag 23. februar	kl 1800	Førdehuset,	Teatersalen
Måndag 18. februar	kl 1930	Stryn Kulturhus	
Tysdag 19. februar	kl 1830	Skjolden Fjordstove	
Onsdag 20. februar	kl 1930	Øvre Årdal Samfunnshus	
Torsdag 21. februar	kl 1930	Aurland Samfunnshus	
Fredag 22. februar	kl 1930	Lærdaal, Norsk Villakssenter	
Måndag 25. februar	kl 1930	Balestrand Bygdahus	
Tysdag 26. februar	kl 1930	Høyanger Samfunnshus	
Onsdag 27. februar	kl 1930	Brekke skule	
Torsdag 28. februar	kl 1830	Solund Idrettshall	
Fredag 29. februar	kl 1930	Åfjorddalen Bygdehus	
Tysdag 4. mars	kl 1930	Bremangerhallen	
Onsdag 5. mars	kl 1930	Flora Samfunnshus	
Torsdag 6. mars	kl 1930	Askvoll Samfunnshus	
Fredag 7. mars	kl 1830	Værlandet Grendahus	
Måndag 10. mars	kl 1930	Sogndal Kulturhus	
Tysdag 11. mars	kl 1930	Sandane, Aulaen	
Onsdag 12. mars	kl 1930	Eid, Fjordane Folkehøgskule	
Torsdag 13. mars	kl 1930	Stadlandet Grendahus	
Fredag 14. mars	kl 1930	Måløy, Samfunnshallen	
Laurdag 15. mars	kl 1800	Svelgen Samfunnshus	

MUSIKK NYTTA I FORESTILLINGA

Farmers Market – «How High The Loch», Celine Dion – «All by myself», Nat King Cole – «Smile», Jordin Sparks – «You'll never walk alone», Ray Charles – «You'll never walk alone», Karim & Bilal Gabriel – «Love comes again», Tom Waits – «Somewhere», Farmers Market – «Come on baby, do the Balkan Boogie», Whitney Houston – «I will always love you», OST – «Final Fantasy», Garry & The Peacemakers – «You'll never walk alone».



Ansvarleg utgjevar: Terje Lyngstad
Redaksjonen: Terje Lyngstad, Leila Øvreseth
og Torfinn Nag

Foto: framside, side 2, side 7 og bakside
Vidar Helle

Alle foto frå framsyninga er tekne av Olav Reiakvam.



Depotbiblioteket

Sogn og Fjordane teater
presenterer: To skilte



09sd02998

Sogn og Fjordane Teater

Førdehuset | Angedalsvegen 5 | Postboks 324 | 6802 Førde

Telefon 57 72 18 50 | post@softeater.no | www.softeater.no